



# STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

TOPP

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Kulturavdelinga  
Prestebøen 8, Pb 173  
6801 FØRDE

Deres ref.:

Vår ref. 10/0419/387M

Bergen, 21. april 2010

## **Vedr. høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fardalen kraftverk i Årdal kommune. Forholdet til marine kulturminne.**

Vi viser til brev oversendt frå NVE datert 13.04. 2010.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne langs vassdraget i Fardalen i Årdal kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at det er eit potensial for marine kulturminne i dette området. Kraftverk og rørgater m.m. er landbaserte konstruksjonar, men med ein konsekvens ved ein eventuell neddemming, at kulturminne på land vil bli til marine kulturminne. Bergens Sjøfartsmuseum har fleire døme på dette i sitt forvaltningsområde.

Me kan sjå fleire mulige konsekvensar av ei slik utbygging. Noen kulturminne står i eit eventuelt endra elvelau. Særleg er gamle sager og kverner utsett ved eventuell utbygging. Me reknar med at dette undersøkast og blir ivaretake av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom ikkje, bør dette registrerast før ein eventuell konsesjon gis. Det andre er kulturminne knytt til bruken av enten sag/kvern, og er en del av det maritime kulturlandskapet, som altså betyr landskap med spor av menneskets bruk av sjøen. Ofte kan ein sjå båtstøer eller eldre fortøyingsgods i fjæra ved sager eller kverner. Ved noen elver er det også synlege installasjonar knytt til elva som transportveg. Bergens Sjøfartsmuseum har ingen opplysningar om at opp- eller nedregulering vil råke kulturminne i langs vassdraget i Fardalen. Det er særleg viktig for eventuelle neddemma kulturminne at vasstanden ikkje regulerast under minste tillette nivå.

Bergens Sjøfartsmuseum har vore i Årdalsvatnet tidligare i forbindelse med utfylling i strandsona. Den gong vart det ikkje gjort noen funn i den delen av strandsona som er ein del av det nye planområdet kor det er planlagt ein tipp. Derimot vart det registrert eit vrak i Årdalsvatnet. Vraket som viste seg å være D/S Årdal (ID-nr: 89247 i Kulturminnedatabasen Askeladden) låg i vatnet cirka 100 meter søraust for der det er planlagt ein tipp. Dette kulturminnet vart deretter flytta på grunn av utbygging og ligg no ved utlaupet til elva Utla 300-400 meter søraust frå der tippen i den nye planen er planlagt. Me oppmodar om at utbyggjar blir gjort klar over dette kulturminnet slik at vraket ikkje vert råka eller vert sett i fare for å bli råka av dei konsekvensane som utbygginga vil medføre. Ulike konsekvensar kan vere auka sedimentering, utfylling, og endra straumforhold. Museet har ingen innvendingar mot den føreslalte utbygginga, men oppmoder om at dei nemnte kulturminneinteressene undersøkjast.

Postadresse	Kontoradresse	Bankgiro	Org.nr.
Postboks 7800 5020 Bergen E-post: bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no Hjemmeside: www.bsj.uib.no	Haakon Sheteligs plass 15 5007 Bergen Telefon: 55 54 96 00 Telefaks: 55 54 96 10	1602 40 76168	980 769 798 MVA

*BERGENS SJØFARTSMUSEUM*

Med vennlig helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

*Kjetil Sundsdal*

Kjetil Sundsdal  
Saksbehandlar marinarkæologi  
Direkte telefon: 55549604.  
E-postadresse: marinarkæologi@bsj.uib.no

Kopi til: Norges vassdrags- og energidirektorat, konsesjonsavdelinga, postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.